



AQUAPARTNER TELEMAR AS
Haukelivegen 7058
3895 EDLAND

Olaug Vinjerui Gardsteig

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato: 20.10.2025
Deres dato: 19.09.2025
Vår referanse: 25/13799-4
Deres referanse: 25/244709
Vår saksbehandlar: Kristine Gisholt

Førehandsuttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, for utbetring av veg i Vinje kommune

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 19. september 2025 om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og kommunedelplan for Haukeli-Edland i Vinje kommune. Uttalefristen er sett til 17. oktober 2025.

Telemark fylkeskommune har fått dispensasjonssøknaden oversend med bakgrunn i vurderinga til kommunen av at dispensasjonen rører ved våre saksområde. I samsvar med plan- og bygningslova (frå no av kalla pbl) § 19-1 skal regionale styresmakter bli høyrde før realitetsbehandling i kommunane.

Bakgrunnen i saka

E134 er hovudferdselsåra mellom vest og aust, og transportkorridoren er tungt belasta av bil- og tungtransport. Framskrivingar tilseier ei stor trafikkauke, og det er sterkt behov for utbetring. Statens vegvesen har gjennomført fleire vegutbetringar langs strekninga i kommunen, og vil no setje i gang arbeid mellom Hyljelii - Haukeli. Fyrste del av arbeidet omfattar delstrekket Flothyl-Haukeli. Hovudutfordringa er at dagens veg har smal skulder og dårleg horisontal- og vertikalkurvatur. Berg i dagen og vegetasjon står tett på veg, og strekninga er utsett for ulykker. Vegen går også tett på Kjela-vassdraget og utbetringa vil bidra til å flaumsikre traseen.

Arealet er avsett til LNF-område i overordna planar, og ligg innanfor 100m byggegrense til vassdrag. Med bakgrunn i dette søker Statens vegvesen om dispensasjon frå LNF-føremålet, samt byggeforbudssona til Kjela-vassdraget for utbetring av E134 Flothyl-Haukeli del 1, ei strekning på om lag 4,3 km. Tiltaket inneber breiddeutviding, utbetring av kurvatur og stigningsforhold.

Dispensasjonssøknaden er sendt til uttale i samråd med Vinje kommune.

Prosess for dispensasjonssaker

Etter pbl § 19-2 andre ledd kan det berre givast dispensasjon viss omsyna bak føresegna det blir dispenserte frå, eller formålsregelen i lova ikkje blir vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjonen vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det kjem fram av lovkommentaren til pbl at det skal tungtvegande grunnar til for å dispensere frå arealplanar, då dei har vorte til gjennom omfattande avgjerdsprosessar og deretter vedtekne av dei øvste folkevalde organa i kommunen. Vidare kjem det fram at dispensasjonen heller ikkje må undergrave planane som informasjons- og avgjerdsorgan.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Fylkeskommunen har gått gjennom oversendinga, og har følgjande kommentarar til forhold som rører ved våre fagansvar:

Sektor samfunnsutvikling

Seksjon klima, næring og innovasjon

Vassressursforvaltning

Vassførekomstar skal vernast mot degradering, forbetrast og gjenopprettast med mål om at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand, jf. forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta) §§ 4–7. Regional plan for vassforvaltning for Vestfold og Telemark vassregion (2022–2027) skildrar påverknader og tilstand i vassmiljøet, samt miljømål og unntak frå miljømål for alle vassregionens vassførekomstar. Vassforvaltningsplanen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jf. plan- og bygningslova § 8-2 og vassforskrifta § 29. Planen har retningslinjer for arealplanlegging i vedlegg 7. Vi viser i denne samanhengen òg til den nye rettleiaren for Vassmiljø i arealplanlegging.

Vegen ligg i si heilskap langs vassførekomsten Flothylåi–Kjelaåi (ID: 016-2861-R). Tiltakshavar oppgjer at breiddeutvidinga ikkje vil påverke vassdraget utover det dagens veg gjer. Vi merkar oss at oversende dokument ikkje omtalar tilstand i eller påverknader på bekkane i Flothylåi bekkefelt (ID 016-3096-R), utover at brua over Vardhovdbekken skal bytast ut med stikkrenne. Etter vår vurdering vil overgangen til stikkrenne innebere ei forverring i høve til dagens løysing med bru, og vi frårår difor dette. Vi oppmodar om at brua vert utvida, eller at ein tek i bruk halvkulvert som bevarer den naturlege bekkebotnen. Det er viktig at den nye løysinga ikkje skaper barrierar i vassdraget. Vi viser til retningsline i vassforvaltningsplanen, særleg retningsline 1.2 som seier at «Elvar og bekkar skal som hovudregel ikkje lukkast og skal bevarast så nær opp til si naturlege form som mogleg», og retningsline 1.3 som seier «I planar som rører ved allereie lukka eller sterkt påverka vassdrag, skal det vurderast om vassdraget kan opnast opp att og restaurerast». Samstundes minner vi om at dei andre bekkane i bekkefeltet òg må takast omsyn til, både i planlegginga, anleggsfasen og driftsfasen.

Seksjon kultur

Automatisk freda kulturminne

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi vurderer det òg som mindre sannsynleg at ikkje kjente, automatisk freda kulturminne er bevart i det aktuelle området, og har difor ingen merknader til tiltaket.

Vi vil likevel gjere merksam på *meldeplikta* etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føreseigna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikra seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding.

Konklusjon

Telemark fylkeskommune frårår å gje dispensasjon slik tiltaket ligg føret, jf. merknadar om vassressursforvaltning. Me ber om å få tilsendt vedtak i saka.

Vi legg elles til grunn at kommunen i sitt endelege vedtak vurderer dispensasjonen opp mot vilkåra i lova slik dei kjem fram i pbl § 19-2.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleder
Samfunn og plan

Kristine Gisholt
rådgiver
kristine.gisholt@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottakere:
AQUAPARTNER TELEMARK AS, Olaug Vinjerui Gardsteig

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN
VINJE KOMMUNE